


ÅRSMELDING FOR ØRSKOG HISTORIELAG ÅR: 2024



«HAMMAREN» PÅ APALSET – OLAV OKSVIK SIN BARNDOMSHEIM
"Hammaren" tidlegare husmannsplass under Apalset. Dette huset var særst gammalt, men vart rive på 1970 talet då Ørskog sparebank kjøpte bruket for å bygge bustad til banksjefen. Tidlegare fylkesmann Olav Oksvik vaks opp her. (Registrert av Ole Øystein Nybø for Ørskog historielag.) Fotograf: Rolv Amdam. Tidfesting bilete: 1960-1970.



Steinholtgjerde
 (Steinaplassen eller Myrane) er nemninga på denne plassen på Sjøholt i bygdeboka. Det var dette tunet eigaren Marie Sjøholt (Steina-Marja) (1892-1969) ga til Ørskog kommune til tomt for sjukeheim. (Registrert av Ole Øystein Nybø for Ørskog H.lag)



Minnesteinen ved Ørskog kyrkje. Til minne om omkomne under verdenskrigen 1940-1945. Signe Sjøholtstrand f. 02.09.1924 og Aslaug Vaksvik-Moe f. 10.01.1908 - Begge omkom ved bombing av ubåthamna i Laksevåg 04.10.1944. Jens Storvik f. 27.07.1891 - omkom ved ubåt-åtak på S/S Samnanger i Sør-Atlanterhavet 21.12.1940. Minnesteinen av gneist vart henta frå eit naust i Storvika og plassert på kyrkjebakken ved Ørskog kyrkje og vart ferdig i god tid før 17. mai 1989 og vart avduka like etter gudstenesta denne dagen. Ragnar Ulstein held avdukingstalen. Ved minnesteinen la Kirsten Bakkeliid ned ein blomsterbukett tillaga av blomster frå heimane til dei omkomne. Tore Jostein Sjøholtstrand la og ned blomster. Like ved minnesteinen var planta ei "Prestegardsrose" ein avleggar frå ein 100 år gamal busk i Storvika. Fotograf Tore Gjære (Frå Rolf og Tore Vaksvik si fotosamling. Registrert av Siv Krokfoss for Ørskog Historielag)



ÅRSMELDING

ØRSKOG HISTORIELAG

ÅR: 2024

ØRSKOG HISTORIELAG vart stifta 16. april i 1985. Vi noterer 40 år i 2025.

§1 i laget sine vedtekter lyder:

Ørskog Historielag har til føremål å ta vare på kunnskapen om fortida til dei bygdene som ligg i Ørskog kommunedel i Ålesund kommune, og arbeide for at folk kan få del i denne kunnskapen.

Dette kan gjerast ved mellom anna:

- a. å samle inn folkeminne og anna tradisjonstilfang.*
- b. å leite fram og systematisere opplysningar i skriftlege kjelder.*
- c. å spreie desse opplysningane ved å gje ut bøker og tidsskrift, eller halde kurs og foredra.*
- d. å nytte digitale midlar i arbeidet sitt.*

Lovene til Ørskog historielag vart endra på årsmøtet 2024 – 5. mars.

ÅRSMØTET i Ørskog Historielag vart halde på Sjøholt Frivillegsentral tysdag 5. mars 2024. 20 personar var til stades. Innkalling og sakliste vart godkjende. Møteleiing og skrivar vart valde. Årsmeldinga for 2023 inkl. meldingar frå nemndene, og rekneskapen for 2023 vart godkjende med mindre endringar. Rekneskapen viste eit underskot på 111.856 kr. Dette grunna store prosjektkostnader. Underskotet er dekt opp med lån i Ørskog Sparebank. Kontingenten for 2025 vart ikkje endra frå 2024 - 400 kr pr år.

Godt arbeid i nemndene, der leiarane ga oss innblikk i sine årsmeldingar. Budsjett for 2024 vart vedteke. Vala vart gjort i samsvar med framlegg frå valnemnda med mindre endringar/tillegg. Valnemnd for årsmøtet 2024 var: Grethe Leikny Gjerde, Karin Årdal og Svanhild Hjelle. Valnemnd for årsmøtet 2025: Grethe L. Gjerde 1 år, Karin Årdal 1 år og Svanhild Hjelle 2 år. Arbeidsoppgåver for år 2024 vart drøfta, og ulike prosjekt vart prioriterte. Kaffi/te og god kake undervegs i møtet. Leiar retta takk til tilltsvalde som no sluttar i styret/nemndene.

Etter vala på årsmøtet og konstituering i styremøte 9 april, har styret vore samansett slik:

Styret:

- Ragnar Bakken
- Oddbjørn Hjelle
- Alv Walgermo

- leiar
- nestleiar
- skrivar

- Karin Eide kasserar
- Eli Catrine Kjersem styremedlem
- Nils P. Sjøholt - 1 varamedlem
- Reidun Davik – 2..varamedlem
- Karin Årdal - 3.varamedlem

Nemnder/utval knytta til arbeidet i laget:

- Teknisk utval: 6 medlemmer – leiar Torstein Davik.
- Skriftnemnda: 6 medlemmer – leiar Bjørn Steinar Skarbø.
- Paktarhusnemnda: 6 medlemmer – leiar Ove Eide.
- Fotoregrering: 6 medlemmer – leiar Siv Krokfoss.
- Postveg nemnda: 6 medlemmer – leiar Runa Klock.
- Kalenderkomite for 2025: Åse Karin Gjære – Hilde Sørdal. Vara: Jorunn Giskemo.
- Auka ved styrevedtak med: Oddbjørn Hjelle og Karin Eide
- Revisorar: Kjellrun Tomren – Ola Brautehaug.
- Valnemnd for 2024/25: Grethe Leikny Gjerde - Karin Årdal – Svanhild Hjelle.

STYRET.

Styret har i meldingsåret (frå årsmøte til årsmøte) hatt 6 – SEKS (sju i 2023) møte:

2. april – 21. mai – 6. august - 24. september – 26. november – 28. januar.

Styret har handsama 106 (113 i 2023) protokollerte saker.

Medlemstalet i 2024 347 (338 i 2023) inkl. tre verksemder – jf. årboka for 2024.

Medlemsverving rett etter jul 2024 ga 12 nye medlemmer! Nokre få utmelde.

Medlemstal 31.12.24: Auka til **357 pr januar 2025.**

Styret og nemnder har saman prioritert oppgåver ut frå m.a. drøftingane på årsmøtet.

Frå styreprotokollen tek vi med dei fleste av sakene som har vore til handsaming:

- ✓ Konstituering av styret for 2024
- ✓ Fellesmøte med nemnder/utval – førebuing - arbeidsoppgåver – prioritering oppgåver.
- ✓ Olav Oksvik stiftinga. Meldingar – jf. konferanse – utstilling – byste.
- ✓ Godkjenning av møtebøker.
- ✓ Ørskog gjennom tidene ættebok – allmennsoga. Gjere noko? Ikkje noko nytt.
- ✓ Budsjett 2024 – økonomi årbok 2024.
- ✓ Saker under arbeid – på dei fleste møta.
- ✓ Nytt frå nemndene på alle møte.
- ✓ Møtetidspunkt styret.
- ✓ Smia – kursverksemd – kontakt Ørskog skule.
- ✓ Kveldsetene 2024 – tema – fordeling av oppgåver – gjennomføring.
- ✓ Ørskogkalenderen – ØH har hatt oppgåva åleine. Fin innsats frå eiga nemnd. Kalender for 2025.
- ✓ Paktarhuset – vedlikehaldsarbeid/måling – rydding – arkivering - økonomi m.m.
- ✓ Sætrevandring – Hjellesætra.
- ✓ Søknader om støtte – smia – Paktarhus – Postveg.
- ✓ Byste Olav Oksvik – eiga nemnd under stiftinga.
- ✓ Lån – Ørskog sparebank.
- ✓ Nettside + ny facebokside. Nye sider på plass – bruken av sidene. Fabian Davik postiv og effektiv medarbeidar.
- ✓ Stabbur Sjøholt folkehøgskole. Renovering ferdig alt i 2023.

- ✓ Kveldseter 2025– årsplan.
- ✓ Medlemsverving. God auke i medlemstal!
- ✓ Postvegen. Orienteringar. Vedlikehald. Arbeidet med å få vedteke namn/skilting mm.
- ✓ Nemndleiarane har teke del på styremøta.
- ✓ Søknader – utbetalingar og liknande.
- ✓ Økonomirapportar på alle styremøte.
- ✓ Årbok 2024.
- ✓ Førjulssal av årboka - medlemsverving m.m.
- ✓ Årsmøte 2025 – førebuing.
- ✓ Årbok og kalender – utsending. Flott dugnad.
- ✓ Nytt lokale for ØH i tenestehuset – gåve frå Ørskog sparebank.
- ✓ Gåve frå Ørskog Sparebank og Ålesund kommune. Jf. rekneskap 2024.
- ✓ Gåver – laget får jamt tilbod om å ta vare på gjenstandar m.m. Registreringsarbeid.
- ✓ Ei rekkje skriv og meldingar og førespurnader. Delvis handsama administrativt.
- ✓ En del av sakene ovanfor har gått igjen på fleire møte.

- ✓ ***Orienteringar og drøftingar i styret om arbeidet i nemndene – der vi tek med:***
- ✓ Årbok for 2023
- ✓ Fotoregistreringsarbeidet – registrering av gamle bilete. God framdrift.
- ✓ Arkivering- og registreringsarbeidet.
- ✓ Postvegen – jf. eiga nemnd. Vedlikehald.
- ✓ Paktarhuset – mykje godt arbeid.
- ✓ Oppgåver for/frå teknisk utval. Planlegging/gjennomføring av renovering stabbur Folkehøgskolen og smia Prestegarden..

Kveldseter/bygdevandring.

Styret har hatt hovudansvaret for desse. I meldingsåret (mars – mars) har kveldsetene/bygdevandring vore avvikla med desse **10 temaene**: Tal frammøtte i (ca 364):

- (Februar 2024: Fjellstova Ørskogfjellet v/Harry og Hilde (39): Førre meldingsår.
12. mars 2024: V. Putin v/Helge Simonnes (46)
22. april 2024: Bilete frå Ørskog v/Siv Krokfoss (59)
5. mai 2024: Postvegdevandring – Postvegnemnda m.fl. (50)
20. juni 2024: Ørskog Sjukeheim - tilsette m/fleire (23)
- 25.aug. 2024: Sætrevandring Hjellesætra (30)
10. sept. 2024: Sjøholt Hotell inkl. synfaring/omvisning v/eigarane. (57)
22. okt. 2024: Kystreise m/Jon Slyngstad (23)
19. nov. 2023: Kystreise Nordøyane v/Jon Slyngstad + Jonas Peson (19)
17. des. 2024: Årbok 2024 v/skriftnemnda m.fl (22)
18. febr.2025: minnesamling Olav Oksvik inkl opning av samlinga (35)

Samla frammøtte: **ca 364** på dei ti kveldsetene/vandringane 2024/25. Vi er nøgde med jamt godt frammøtte på dei arrangementa vi står for. Takk til alle bidragsytarar og frammøtte.

Det er så langt planlagt ni arrangement i 2025. Bygdevandringa i august 2025 vert lagt til ei av sætrane.

Samlingane har oftast vore på Ørskog kulturhus eller Frivillegsentralen og fleire andre stader jf. tema. . Begge stadene er godt eigna med fine tilhøve for biletframsying. Inga husleige for lag og org. frå kommunen. Positivt frå kommunen si side!

Samla oversyn over alle kveldsetene sidan 1998 - også planlagde kveldseter og bygdevandringar - finn vi på laget si heimeside: <http://orskoghistorielag.org>
Postadr.: post@orskoghistorielag.org

x



Paktarhuset - renovering gjennomført 2022 - 2024

PAKTARHUSNEMNDA:

- ✓ Medlemmer: **Ove Eide** (leiar) – Frank Abelseth - Runar Amdam – Frank Robert O'Brien Svingset - Peder Håvik – Oddbjørn Braute.
- ✓ Aktivitets-museumsnemnda og husstyret vart slegne saman på årsmøtet i 2014. Dette har vist seg å fungere godt. Resultat Paktarhusnemnda.

Leiar i nemnda har levert denne rapporten for 2024:

RAPPORT FRÅ OVE EIDE:

ÅRSMELDING FOR 2024:

ØRSKOG HISTORIELAG - PAKTARHUSNEMNDA:

Aktivitetar i 2024:

Arbeidet med utvendig renovering og restaurering er blitt gjort ferdig i 2024, så langt som dette arbeidet er ferdig planlagt. Dette gjeld spesielt målararbeidet, som Malarmeister Ramsvik har stått i spissen for. Det vert framleis arbeidd med ei løysing for tilbakeføring av inngangspartiet mot sør, og kulturavdelinga i fylkeskommunen har der ei nøkkelrolle.

Nokon vil kanskje påpeike at fasaden mot aust ikkje er tilbakeført til opphavleg utsjånad og at den dessutan ikkje står heilt i stil med dei andre fasadane. Det er heilt rett, men denne fasaden har blitt sterkt endra opp gjennom åra og skal takast vare på slik den var på den tida huset vart freda i 1991. Med andre ord skal ikkje alt ein gjer av restaurering på ei freda bygning frå 1901, vere slik ein ville gjort det i 1901, men ein skal i stor grad spegle den utviklinga huset har vore gjennom sidan den gongen.

Paktarhusnemnda har også dette året gjennomført dei tradisjonelle vår- og haustdugnadane på eigedomen som høyrer til huset og mykje rusk har blitt frakta til Miljøstasjonen. Brøyting av den grusa parkeringsplassen, inneber at mykje grus hamnar utover markane rundt, noko som også gir oss litt arbeid.

Erfaringar frå tidlegare vintrar, har lært oss korleis temperaturfordelinga inne i huset må vere ikalde periodar for å unngå frysing av vassrøyr. Dette er noko vi fyl nøye med på. Om vinteren vert det elles gjerne ein del snømoking.

Tilsyn med varslingsanlegget er ei anna oppgåve og det har vore utfordringar med å halde stabil nett-tilgang.

Når arkiv- eller museums-materiale kjem inn, eller av og til vert lånt ut, held nemnda rekneskap med dette og sørger elles for å halde orden.

Leiaren for Paktarhusnemnda Ove Eide – Leiar -

Skriftnemnda 2024.

Medlemmer: **Bjørn Steinar Skarbø** (leiar) – Øyvind Danielsen – Helge Giskemo – Solfrid Viset – Monica Brandal – Øystein Vestre.

ÅRBOK

for Ørskog Historielag 2024



Årsmelding frå Skriftnemnda 2024

Medlemmer i skriftnemnda i 2022 har vore, Monica Brandal, Øyvind Danielsen, Helge Giskemo, Øystein Vestre, Solfrid Petrine Viset og Bjørn Steinar Skarbø (leiar).

Skriftstyret har hatt rundt seks-sju møte. Møtestaden har i hovudsak vore Ingeborgstova.

Skriftnemnda er framleis svært nøgd med den store velvilje og skriveaktivitet hos mange. Dermed enda det opp med ei årbok vi også dette året tek sjansen på å seie oss rimeleg godt nøgde med. Vi er spesielt glad for at også i år har forfattarar kome oss på eige initiativ med idear dei ønskjer å få på trykk. Dette er vi svært glade for og ønskjer naturlegvis det skal halde fram.

Det vi ikkje er nøgd med er at boka i 2024 kom vesentleg seinare enn vi hadde ønskt oss. Det skuldast tilhøve ved trykkeriet og innbinding av boka, så sjølv om innhaldet vart levert til trykkeriet tidlegare enn for boka 2023, kom den oss i hende fyrst om lag ein månad seinare.

I Årboka 2024 var vi så heldig at fire utanbygds buande personar med røter eller oppvekst i Ørskog vende seg til oss med kvar sine velskrivne, interessante og godt dokumenterte artiklar. Svein B: Lid på Ski som skreiv om eit postbåtforlis i Alaska for rundt 100 år sidan der personar frå Ørskog og Ramstaddal var knytt til båten som forliste.

Så var det Petter I. Søholt i Trondheim som skreiv i Korsan-huset på Sjøholt og om familien som bygde og budde der og korleis det gjekk med dei sidan.

Andreas Viset i Oslo skreiv om ferieminne frå Viset og Vaksvik der faren kom i frå, og dit dei kom på faste sommarbesøk.

Arne Tøsse i Bodø har skrive ein artikkel om Strand kafé i Hansen-bygget og frøken Skjong som dreiv denne.

Kvar for seg er dette interessante historier som dels også ser på Ørskog-bygda utanfrå.

Tore Gjære har skrive ein lengre og rikt illustrert artikkel om Søndmøre Amtsskule frå oppstarten som ambulerande skule som flytta mellom ulike kommunar på Sunnmøre før den fekk endeleg tilhald i Ørskog.

Jens Andreas Fredriksen Sjøholt levde rundt midten av 1899-talet og skreiv dagbok frå dei fire siste åra han levde. I årets bok har vi med del 1 av denne. Tore Gjære har skrive av dagboka, og manuset er tilrettelagt av Ragnar Bakken.

Journalisten Amanda Cecilie Olsen (Aco) i Sunnmørsposten budde fleire år i Ørskog og skreiv tallause artiklar om liv og livnad rundt på Sunnmøre. Aud Farstad har skrive ein artikkel om henne og så har vi med to artiklar ho skreiv om Veslestova i Vaksvika som den gongen var feriekoloni for born i Ålesund.

Fotografar i Ørskog er eit spennande emne, og med hjelp frå familiare som har stilt bilde til disposisjon og fortalt sine historier, skriv Øystein Vestre om to av desse, Anders Sveen og Ivar Gjære.

Elevar ved Vaksvik skule og seinare Skarbø skule laga i si tid magasinet «Under Lauparen» med intervju med eldre folk i bygdene. I årboka har vi med fleire slike intervju som handlar om livet på setrane. Mange av dei som vart intervju er no borte, og såleis er dette særst viktige kjelder om liv og livnad «for nokre tiår sidan».

Reidun Klock Tjervåg har skrive om flinke, flittige og fingernæme folk som budde i Seljeset-huset på Sjøholt.

Jostein Tomren har skrive om Steina-Marja (Marie Elisabeth Sjøholt) som budde der Sjukeheimen ligg i dag; og som gav bort eigeidommen som tomtegrunn til denne.

Anton Kjersem fyller 100 år i 2025, og minnest oppvekst og liv i tidlegare år som ungdom og

sidan som pelsdyroppdrettar i vaksne år i eit intervju med Bjørn Steinar Skarbø.

To diktverk har også kome med. Prolog av Knut R. Øvre-Viset til Gjert Hatlen som saman med heile familien flytta til USA tidleg på 1900-talet og Knut Olav Solnørdal som skreiv «Hyldest til grenda vår» (Solnørdalen).

Elles - også i år – perler frå fotoarkivet Historielaget har samla; valt ut og presentert av Siv Krokfoss.

Vidare dei faste postane, Hendingar i året, Årsmelding for Ørskog Historielag og medlemsliste.

Innholdsliste Årbok 2024

Historia om Søndmøre Amtsskole av Tore Gjære

Fotografar i Ørskog av Øystein Vestre

Postbåtforliset i Alaska 1925 av Svein B. Lie

Ferieminne frå Vaksvika – av Andreas Viset

Under Lauparen av Monika Brandal

Journalisten Aco av Aud Farstad

Et besøk på «Veslestua» i Vaksvik av Amanda Cecilie Olsen – Aco

Veslestuas onkel av Amanda Cecilie Olsen – Aco

Intervju med Anton Kjersem av Bjørn Steinar Skarbø

Hos frøken Skjong på Strand kafé av Arne Tøsse

Flinke, flittige, fingernæme folk i Seljesethuset av Reidun Klock

Om Korsan-huset på Sjøholt av Petter Ingvar Søholt

Prolog til Gjert Hatlen av Knut R. Øvre-Viset

Jens Andreas Fredriksen Sjøholts Dagbog av Tore Gjære og Ragnar Bakken

Steina-Marja frå Steinaplassen av Jostein Tomren

Retting av tidlegare årbøker

Perler frå fotoarkivet av Siv Krokfoss

Hendingar i året som gjekk av Bjørn Steinar Skarbø

Gull til Ørskog Angels av Øyvind Danielsen

Årsmelding for Ørskog Historielag av Ragnar Bakken

Medlemmer i Ørskog Historielag

Støttespelarar

Boka vart lansert under kveldssete 17. desember; sjølv om den fyrst kom nokre veker seinare. Skriftnemnda har også i år samarbeidd med «Språksmia» i Valldal om montasje og administrasjon av trykking hos «Lasertrykk» i Oslo / København. Vi er framleis svært nøgd med deira innsats og kvaliteten på arbeidet – men i år dessverre ikkje med leveringstida.

Skriftnemnda vil rette ein varm takk til alle forfattarar og fotografar for bidrag til årboka. De er heilt avgjerande for at vi klarar å gje ut denne boka år for år.

Ei særskilt takk til våre annonsørar som yter verdfull støtte til å produsere denne boka. Vår oppmoding er å nytte seg av dei tenestene desse tilbyr.

Ørskog 26. februar 2025

Monica Brandal, Øyvind Danielsen, Helge Giskemo, Øystein Vestre, Solfrid Petrine Viset og Bjørn Steinar Skarbø



Dette fine og levande bildet av Ivar Gjære av dei to sønene hans Arne (t.v.) og Ståle prydar framsida på Årboka til Ørskog Historielag 2024.

TEKNISK UTVAL

Medlemmer **Torstein Davik** (leiar) - Svein Elling Barlindhaug – Gunnar Kongsnes – Terje Haaheim – Jarle Viset – Leif Borge Tennfjord.



WENZELVOGNA – UTSTILT HOS FRODE DYRKORN PÅ HAUKÅS

Vi tek med rapportering frå nemnda om arbeidet i året som ligg bak:

Ørskog Historielag – Teknisk utvalg – Årsmelding 2024.

ØHL Teknisk Utvalg møteaktivitet: Fellesmøte avholdt i Pakter-huset 18.04. og 18.09.2024.

01: ØHL Utstyrslager Sjøholt Folkehøgskole.

Ny gjenstand tilført lageret, eldre potet-opptaker tatt inn 30.07.24. Etablert godt samarbeid med vaktmester Tormod - Vi ønsker å videreføre samarbeidet med skolen.

02: Smia:

Rydding og levering av «søppel» er utført. Begge rom i Smia benyttes av ØHL. Beitepusser & tilhenger har fått fast plass i rommet mot øst. Kursing i smi-faget videreføres 2025. Klarert at lærer og elever ved Ørskog Skule kan benytte Smia til grunnleggende kurs i smi-faget. Forberedelse for å få dette etablert pågår. 27.09.2024 - Kjøpt og installert ny ABC brannslukker i smi-området. 30.10.2024 - Inspeksjon av Smi området/esse/skorstein utført av Ørskog Brannvesen. Ingenkonkrete pålegg ble utstedt, men vi fikk anbefaling om å anskaffe medisinskap og øyespyler.

03: Malmbane traseen.

Rydding av hele traseen utført august 2024. En årlig rydding av traseen anbefales.



FAKf-1328 - Provebilde frå Sivert Stavdal sitt arkiv, Ørskog Historielag - FylkesFOTOarkivet / IKA Møre og Romsdal 2019

Ei skildring av Søndmøre Amtskole og det vi ser rundt." Nybygget til skulen har kompt opp i 1923 og bilete må vere tatt før huset vart måla. Steinmuren vest for ny-huset er malmbana som frakta malmen frå gruvene til kaia der båtane låg og skipa den ut. Huset aust for gamlehuset er "veda huset". Det trengtes mykje ved for å fyre i alle romma gjennom ein vinter. Legg merke til alle pipene på take til nybygget. Seinare vart "veda huset" benytta som lager for alle dei lange grønne benkane, som vart sett ut i gymsalen når det var spesielle anledningar. Det vesle huset vest for Sjøholtstrand si løytrur vi kanskje var der dei hadde kalvane, men er ikkje heilt sikker. (Registrert av Ørskog Historielag v/Siv Krokfoss.) Foto Sivert Stavdal 1923.

04: Kvernhuset bak hotellet.

Kvern-huset er i god stand. Del av vannrenne fornyet 2023. Utløps-luke fra renne til elva fornyet 2024. Torvdekket på taket forsterket august 2024. Innvendig støvsuging & rydding i kvernhuset er utført. Test-kjøring av kverna med vann utført 2024. Etter justering av vann-tilførsel går kverna stabilt så lenge vi tilfører vann. Foto Gunnar Refsnes – 1929



Bilde frå Ørskog Historielag sin fotosamling - FylkesFOTOarkivet / IKA Møre og Romsdal 2017

*Ser vi godt etter så ser vi ei kvinne og ei lita jente ved stolpen til høgre på bilde. Det er Agnes Mathea (1906-1985) og dottera Kirsten Petra (1927-2014) Den digre betongklossen som dominerer bilde er vassinntaket til Ørskogfossen kraftverk som kom i drift i 1926 eller 1927. Bilde er teke sommaren 1929. På andre side av elva står to kvernhus. (Registrert av Ole Øystein Nybø for Ørskog Historielag.)
Foto Gunnar Refsnes 1929*

05: Kraftstasjonen + tilhørende adkomstvei.

Stasjonshuset er i god stand. Takrenner rensert og funnet i orden. En manglende takstein er montert på plass. Innvendig rydding av stasjonen er utført og søppel levert Miljøstasjon. Veien ned til huset er stabil og i stand etter oppgraderingen i 2021. «Stopp-markering» for biltrafikk ned mot elva er intakt og fungerer. Lys i stasjons-vinduene aktivert 06.10.2024.

06: Lokomobil - Oppfølging videre frem?

Teknisk kontroll og nødvendig sertifisering er utført. Sertifikat gjelder for perioden frem til 04.07.2027. Aktuelt emne til vurdering 2025: Hvordan få til en frem-visning av lokomobilen for interesserte uten å «kjøre» lokomobilen på steam?

07: Glassmonter for Lokomobilstall og hotell-modell.

Inspeksjon, rengjøring og støvsuging utføres regelmessig.

08: Skyss-vogna.

Vogna har plass hos Frode Dyrkorn bilverksted på Haukås. Vogna står utstilt i verkstedets ankomst-hall sammen med veteranbiler. Vogna fremstår i god stand. Tilsyn ØHL regi.



0 **Vaskarhuset Jokumrenna**

9: Vurdering av ny aktivitet? – Vaskehuset i Jokum-renna.

Evt. forbedring av husets tilstand, er det en oppgave for ØHL? Inspeksjon utført innvendig i huset. Der er en haug av utrangert skrot og utstyr - Bilhjul & dekk, flere bilbatterier. Fleire utrangerte vindusfag m. rammer. Huset er fylt av gammelt utstyr og søppel i en slik grad at vedlikehold ikke er mulig. Døra er ødelagt og blokkert halvåpen, går hverken opp eller igjen. Stavseng er eier av huset. Antar at eier må rydde og tømme huset før ØHL kan vurdere tilstand og eventuelt starte utbedringsarbeid.

For Teknisk utvalg ØHL 19.01.2025

Torstein Davik

Fotoregistreringsgruppa.

Leiar i denne gruppa Siv Krokfoss s

Laget har ei eiga gruppe som arbeider med registrering av gamle foto frå Ørskog.



Ein fin sommarsøndag på Høgsætra. Fire ungdommar har rigga seg til med bord og kvit duk utanfor selet til Olegarden på Amdam. Dei har kaffi og kaker, og blomar på bordet. Personane er frå venstre: Martin Karolius Skarbø f. 1902. Ei ukjent. Amalie Johanne Søholt (seinare gift Amdam) (1901-1996). Ingvald Ludvig Anton Amdam (1883-1986). Fotograf: Berte Karoline Amdam. Foteigar og informant: Nils I. Amdam. -

(Registrert av Tore Gjære og Siv Krokfoss for Ørskog Historielag.) Foto 1918.

Siv Krokfoss har vore leiar for gruppa siste året. Dei andre medlemmene i gruppa har våre: Ann Elin Viset, Rolf Hatlen, Ola Gram, Eldbjørg Ringseth Stensli og John Abelseth.

Fotoregistreringsgruppa årsrapport for 2024.

Oppgåva med å ta i mot og registrere gamle foto frå Ørskog har aller størst prioritet. Mange tek kontakt med informasjon om at dei har gamle album/bilete dei ønskjer at historielaget skal kunne få låne for digitalisering.

All registrering av opplysningar til dei digitaliserte bileta vert gjort direkte på Fylkesfotoarkivet si nettside, som er tilgjengeleg for alle.

Siv Krokfoss er ansvarleg for at bileta vert digitalisering i Fylkesfotoarkivet sin database. No ligg det 3799 bilete i fotosamlinga frå Ørskog som har blitt

digitalisert med informasjon om kvart bilete. Eit arbeid som tek tid, når informasjon skal innhentast om kvart enkelt bilete.

Vi har tatt i mot ca 200 bilete frå 4 forskjellige familiar dette året, som i desember 2024 vart levert til Fylkesfotoarkivaren på IKA (Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS) i Ålesund for digitalisering. Fotografia vil fortløpande bli publisert, når tekstinga er på plass i løpet av 2025.

«Gamle bilder fra Ørskog» er ei lukka gruppe i Facebook. Mange av bileta som er registrerte gjennom Historielaget blir og lagt inn i denne gruppa. Bileta er organiserte i digitale album. Ved å bruke Facebook oppnår ein å nå eit større publikum som kan gi informasjon om personar og hendingar.

I april hadde Siv kveldssete på frivilligsentralen, der vi fekk sjå bilete og høyre historiene frå spesielle hendingar eller korleis kvardagen var frå ca 1925 og fram til 1980-talet i Ørskog kommune.

Siv har også i år bidratt med bilete til Ørskogkalenderen og Årboka for 2024 har fått sine «perler frå arkivet».

Helsing Siv

Historisk skifte: Ørskog Rotary er nedlagt. Gamlebankens venner er etablert.



Her er eit ferskt bilete frå dei trivelege lokala. Huset vart bygd i 1897.

Postvegneemnda - «Den Trondhjemske Postvei».

Eiga nemnd: Runa Klock (leiar), Ivar Holmeide, Elling Ødegård, Norvald Sjøholt, Reidar Braute, Martin Ødegård

Årsmelding Postvegneemnda 2024

Tiltak, aktivitet og vedlikehald

Postveg-neemnda har hatt fleire prosjekt i 2024 i tillegg til kontinuerleg vedlikehald og skjøtsel.

Nemnda har hatt fleire møte og vandringar for å planlegge arbeid, skilting og vedlikehald.

Vinteren 23/24 førte til ein del skadar ved undergangen i Landedalen pga. mykje vatn og flytting av masse. Dette blei følgt opp med Jan Inge Løvik. Skadane vart utbetra.

Oddbjørn Hjelle leigde minidumper og utført vedlikehald på den nye stien i Landedalen.

Nemnda har og kjøpt inn gjerde og stolpar og sørga for sikring ved steinbrotet i Landedalen.

Det er utført vedlikehald med beitepussar på heile traseen fleire gonger i løpet av sesongen. Det var rydda fin plass ved Smia og beitepussar har vore parkert der i sesong.

Det vart i 2023 kjøpt inn steinheller som i mai vart lagt ned ved Prestegarden for å gjenskape dei rette linjene som postvegen er kjend for. Arbeidet kan ein og lese om på nettsida til postvegen

<https://postvei.no/artikler/postvegneemnda-i-ørskog-ei-historisk-linje-settast-i-stand>

Braute sponsa grus og Postvegneemnda sto på og rakk å få ned hellene akkurat i tide til den flotte postveg-rusleturen søndag 5.Mai.

Vêrgudane var så absolutt på vår side då vel 45 store og små deltakarar møtte opp i strålande solskinn i Amdamsfjôra, der det eldste naustet i lafta tømmer var ope. Naustet skal vere frå 1700-tallet og blei brukt som postnaust. Ivar Holmeide ønskte velkomne frå landingsvôren og formidla også historia om kanalen på Valbøen, ved stopp på Holane bru. Brua er ei vakker kvelvingsbru over kanalen og heile området rundt er ein idyllisk og nydeleg stad.

Etter litt stigning venta det på høgaste punkt, 100moh, saft og ein liten pause, før turen fortsette ned mot Russebøen og Prestegarden.

Den Trondhjemske postvei kan ofte gjenkjennast i snorrette linjer som kjenneteikna vegarkitekturen og blir kalla for fransk linjeføring. Postvegen gjennom Ørskog har mange

av disse rette strekka, men eit av dei vart øydelagt då ein endra Kråvegen, for å lage eit nytt kryss.

Postveg nemnda i Ørskog har no lagt ned trakkheller der vegen gjekk og igjenskaft den rette linja frå Kråa mot Prestegarden, der det var postopneri.

Med godkjend sjablong er hellene merka med posthorn, og også arbeidet påbegynt med å merke i asfalt, heile strekket gjennom bygda, der vegen gjekk. Dei som følgde med på vegen frå Russebøen kunne sjå disse kvite merka i asfalten. Vel framme i Lerkelunden serverte Bygdekvinnelaget gode kaker og kaffi. Paktarhuset var ope i høve marsjen og mange vitja også Smia, der essa var fyrt opp.

Tiltaka med sikring, merking og nye heller vart mogeleg grunna støtte frå Fylkeskommunen.

Postveg nemnda har og kjøpt inn elektrisk sag og ryddereiskap for å kunne halde fram den gode jobben med å gjere postvegen tilgjengeleg og open.



Idyll frå postvegen over Kleiva ein gong mellom 1910 og 1921. (Registrert av Ole Øystein Nybø for Ørskog Historielag.

Samskapingssmøte

14 mars inviterte Ålesund kommune og Vestnes kommune til samskapingssmøte på Fjellstova.

Som del av «Nasjonalt postvegprosjekt-den Trondhjemske postveg 2023-2026» ønsker Ålesund kommune og Vestnes kommune å samarbeide om ny innsats for postvegen over Ørskogfjell fram til Vestnes. Nasjonalt postvegprosjekt, fylkeskommunen og

Statens vegvesen vil være delaktige i arbeidet, men det er kommunane som skal leie arbeidet.

I møtet vart det jobba i grupper med ulike tema: Tema 1: Fysisk, skjøtsel, utbetring av veg

Tema 2 ; Skilt, universell tilrettelegging. Tema 3: Næring, lokalmat, turisme, Tema 4: Friluftsliv, folkehelse.

Postvegneemnda tok også opp to viktige problemstillingar:

1. Kva gjer vi med dei grunneigarane som ikkje vil at vi skal gå og bruke postvegen over deira eigedom ?

2. Korleis skal vi løyse vegstykke som går over myr som ligg i eit naturvernområde ?

Postvegneemnda har også forsøkt å få råd/hjelp via vegvesenet kring dette, utan noko avklaring.

27/5 var det halde nytt «samskapingsmøte» på Sjøholt.

Program var:

- Oppsummering fra møtet på Ørskogfjellet 14. mars.
- Oppsummering fra samskapingsmøte i Bergen (der Elin frå ÅK deltok)
- Postvegnistepakke –smaking - drøfting – involvering, målsetting 2024.
- Kulmin film, presentasjon -drøfting-involvering målsetting 2024.
- Skilting – kvar - kven - når, målsetting 2024.
- Presentasjon fra rapport for strekning på Ørskogsida.
- Presentasjon frå rapport for strekninga på Vestnes sida.
- Skjøtsel – kvar – korleis -kven, målsetting 2024.

I møtet vart det foreslått ei vandringsrute der ein td kan kjøpe med postvegniste på Stolt mat, kan ta buss til turisthytta og vandre heile vegen ned til Sjøholt.

På bakgrunn av dette var Ivar Holmeide Ivar på synfaring i lag med representantar frå Vestnes for å gi råd til Vestnes Rotary. Spesielt i Måslia-området er det mykje nedgrodd, men traséen frå turisthytta til kommunegrensa til Ålesund er godt synleg.

Det vart også halde eit samskapingsmøte på Stolt mat med deltakarar innan turistnæringa, samt Elin Vatnehol (ÅK) og Ivar Holmeide.

For å løfte kunnskapen om Postvegen i Ålesund kommune heldt Elin Grete ein presentasjon til Ørskog KDU måndag 4. juni. KDU ønska at Postvegen blir gjort kjent på eit høgare nivå og at KS i Ålesund kommune får same orienteringa på første møtet etter sommaren. Politisk sekretær skulle formidlar dette vidare.

Det er flott med engasjement kring Postvegen! Det er Ålesund og Vestnes kommune som no får midlar frå fylkeskommune til Postvegprosjektet og vi må sikre det ikkje berre endar med møter og ingen reell aktivitet.

Takk til medlemmane i Postvegnetemnda som gjennom stor insats og engasjement held dette viktige kulturminnet levande.

Postvegnetemnda v/Runa Klock

Postvegen – eit flott kulturminne – ein fin turveg.

***Turveg frå Russebøen:** Denne delen av Postvegen startar på Russebøen og tek av frå skogsvegen som fører til Hestvika. Du tek av til venstre ved Sjøholt Camping, opp ei til dels bratt stigning på det som var ein kjerreveg. Ørskog kommune, skuleelevar, lag og organisasjonar har siste åra kvista og opparbeidd vegen til om lag den standard han ein gong hadde. Underlaget er delvis grasdekt og bakkane opp til toppen er eit godt middel til å få opp pulsen.*

***Kulturminne:** Postvegen gjennom Ørskog, er ein bit av den gamle postruta mellom Bergen og Trondheim og vart bygd rundt 1780. Vegen startar i fjøra på Amdam. Dit kom posten sjøvegen frå Stranda. Så går vegen over markane på Amdam og Nedrevoll, til han går over høgdedraget Kleivane (høgste punktet på turvegen), mot Sjøholt. Der går han forbi prestegarden og vidare opp Landedalen til Vestnesgrensa på Ørskogfjellet. Også delar av denne strekninga er opparbeidd i seinare tid.*



Frå Postvegen

NETTSIDE ØRSKOG HISTORIELAG

Vi har fått på plass ei heilt ny nettside i 2023. Tore Gjære – siv krokfoss og Fabian Davik stod bak arbeidet med dette. Særleg må vi streke under det flotte arbeidet Fabian utførte. Fabian sa seg villig til å ta på seg oppdraget med den tekniske løysinga for ein fast sum, medan Tore og Siv frå Historielaget skulle levere innhaldet til heimesida. 28. november 2023art den nye heimesida presentert for styret. Fabian har elles, som ny medlem, sagt seg villig til å vere med å halde heimesida ved like saman med 2 andre personar frå Historielaget – Tore og Siv saman med Fabian utgjær gruppe som er ansvarlege or sida vår.

Tore med kort notat til årsmelding 2024 om heimesida :

Heimesida ser ut til å fungere godt både på PC, mobiltelefon og nettbrett. Så vidt vi kjenner til, har ho også blitt godt motteken av brukarane. For at sida skal vere så aktuell som mogleg, gjeld det no at styret og nemndene nyttar ho til annonsering og referat frå hendingar og tilstellingar. Heimesida kan også vere eit aktuelt forum for andre opplysningar som kan vere av interesse.

På vegner av nemnda

Tore Gjære

Vi har også no etablert eiga side på facebook! BRUK NETTSIDA OG FACEBOKA



VELKOMEN TIL ØRSKOG HISTORIELAG

Nyhende og kunngjeringar

Tusen takk til dei som har stått bak den nye nettsida vår: Fabian Davik, Tore Gjære, Siv Krokfoss og Børre Tennfjord.

Sidene gjev mykje god informasjon om laget: Adresse: <http://orskoghistorielag.org>

Innhald: Framside – Aktivitetar – Om laget – Publikasjonar – Restaureringar – Andre oppgåver – Årsmelding – Gamle bilde – Kunngjeringar – Medlemsnytt – Gamle bilete.



Bilete frå heimesida – gjeld kystturen med Jon Slyngstad. Mykje nytt på sida vår!

Det starta med den nye Lepsøybrua over til Lepsøya der vi vitja m.a. Hellevika, Trollhagen, Kulturløypa, Sjøhellarane, Rønstadgardane og Lauka.



Gregers Jakobsen Winther Wulfsberg (1865-1944) og kona Honoria Honoratusdatter f. Halling (1868-1958) avbilda ved prestegarden i Ørskog. Wulfsberg var prest i Ørskog frå 1910 til 1921. Honoria er mest kjend for at ho starta eit kyrkjekor, det som seinare fekk namnet Ørskog Blandakor. (Frå Eldbjørg Ringseth Stensli si fotosamling. Registrert av Siv Krokfoss for Ørskog Historielag).

Olav Oksvik – stiftinga.

Stiftinga vart oppretta i 2011. Olav Oksvik minnesamling. Målsetjing er å ta vare på verdfulle ting har etterlet seg, skaffe lokale til dette, reise ei byste og halde ei årleg konferanse med grunnlag i demokratiet.



FAK1-1308 Foto: Jens Vist - Ørskog Historielag / FylkesFOTOarkivet 2017 Copyright: CC-NC

Olav Oksvik (1887-1958) var sju år gamal då han i 1894 kom til Ørskog saman med familien frå Stranda. Olav var eldst av seks sysken som vaks opp på bnr. 10, Hammaren på Apalset. Han vart ein markant politkar som stortingsrepresentant for arbeidarpartiet frå 1928 til 1953, der han både var odelstingspresident og landbruksminister. Han spela og ei sentral rolle ved overtakinga av fylkeskommunen på Molde i dei siste dagane av andre verdskrig. Han vart tilsett som fylkesmann i Møre og Romsdal etter at han gav seg på stortinget. Han gifta seg på Molde i 1916 med Ingeborg Mittet. (Registrert av Ole Øystein Nybø for Ørskog Historielag.)



Ungdomsbilete av Olav Oksvik – 1904 Amtskulen Sjøholt

Dette er ei stifting som skal ta seg av gjenstandar, dokument m.m. etter Olav Oksvik. Målsetjinga er å få på plass ei samling i Ørskog. I 2012 -14 vart gjenstandar og dokument henta og mellombels lagra lokalt. Noko står att å hente. Registreringsarbeidet er utført. Det vert arbeidd med å finne ei permanent plassering av samlinga. Dette har diverre ikkje lukkast etter å ha arbeidd med saka i åtte år. Vi hadde venta meir hjelp frå kommunen! Stiftinga måtte avlyse «Oksvikseminar» på Ørskog samfunnshus i 2019.. Det er nedfelt i stiftinga sine vedtekter at eit seminar skal finne stad kvart år. Seminar i 2020 vart ikkje planlagt. Stiftinga sitt styre drøfta 2020 avvikling av stiftinga grunna manglande kommunal interesse(økonomi.) Endelege vedtak; stiftinga held fram. I 2021 har fleire av målsetjingane til stiftinga vorte løfta fram: Konferanse vart halde 16. november 2021 med tema Det grønne skiftet/Vindkraft mm. Lokale for samlingar: arbeidet held fram – kanskje vi kan få ei løysing i 2022? **Byste:** Ein eigen komite har kome i arbeid: Helge Giskemo, Oddbjørn Braute og Grethe Leikny Gjerde. Grappa har hatt ein fin start med målsetjing ei byste av Oksvik på Sjøholt der kunstnaren vert Ola Stavseng.

Alt ovanfor er henta frå årsmeldinga 2022. arbeidet **har halde fram i 2023 og 2024:**

Lokale: Ein plan for oppsett av minnesamling i Frivillegsentralen sine lokale er utarbeidd av nemnda. Munnleg avtale om bruk av lokale er inngått med Ålesund kommune. Totale kostnader er rekna til 175,000 der 75.000 er dugnadsarbeid. Resten må skaffast på annan måte. Stiftinga vil i løpet av varen 2024 starte arbeidet med å montere minnesamlinga i lokala til Frivillegsentralen. **18. februar 2025 vart minnesamlinga opna!**



Frå opninga 18. februar 2025: Ragnar Bakken – Kari Aaberg – Einar Landmark – Aud Kongsnes – Arild Aanes.

Byste: Nemnda har så langt skaffa nær 190.000 av dei 200.000 – 300.000 som bysta vil koste. Arbeidet skal Ola Stavseng stå for – kanskje kjem han i gang med i 2025. Innsamling av midlar held fram.

Frå Ørskog Historielag har desse vore som medlemmer: Oddbjørn Braute, Ola Gram og Helge Giskemo, med Karin Årdal, Grethe L. Gjerde og Ragnar Bakken er personlege varafolk. Frå kommunen har vore: Arild Aanes leiar (vara Tove Nygård) og Janet Roelofs (vara Wenche Gausnes Aasen).



Fotograf: Hilde Sordal.

Framsida Ørskogkalenderen 2025. Utsikt frå Valle mot Ørskog. Solnørvika med Tøsse og Langskipsøya- og med Vaksvikfjella bak.

Ørskog Historielag og Ørskog Rotary har i ei rekkje år gitt ut Ørskogkalenderen Første gong for 1995. I fleire år stod Ørskog sparebank for finansieringa

Litt historikk frå siste åra. For 2014 vart det ikkje laga kalender. I løpet av 2014 vart det klart at ØH og ØR på nytt gjekk inn i samarbeid om å få laga ein kalender for 2015. Økonomien vart sikra gjennom støtte frå lokale verksemder – mot reklame i kalenderen. Slik var ordninga også i 2016 og samarbeidet held fram og ny kalender for 2017 var ferdig i god tid før jul. Samarbeidet ga også resultat for 2018. Kalender for 2019 kom på plass også denne gongen som eit samarbeid mellom dei to laga. Vi hadde same opplegget for kalenderen for 2020, 2021 og 2022. Kalender for 2023 kom på plass i god tid før jul 2022 der Rotary og ØH stod for arbeidet bak.

Kalender for 2025 vart laga av Ørskog Historielag – Ørskog Rotary var no nedlagt. Desse hadde ansvaret for arbeidet: Åse Karin Gjære – Hilde Sordal – Oddbjørn Hjelle – Karin Eide. Varamedlem Jorunn Giskemo

Alle husstandar har fått denne kalenderen. Han er dessutan til utdeling gratis.s. Vi vonar at vi i åra som ligg framføre, kan halde fram med kalender der nyare og eldre Ørskogbilete vert presenterte. Takk også til velvillige sponsorar.

Rekneskap for året 2024.

Det vert vist til eige oppsett og eiga sak på årsmøtet 4. mars 2025. Kasserar har vore **Karin Solveig Eide**. Rekneskapen er ført av Økonomiservice A/S. Laget har mange kostnader på gang og tok i 2022 opp eit lån på 300.000 i Ørskog Sparebank. Lånet er år 31.12.24 på godt 200.000. Økonomien må seiast å vere stram og krev harde prioriteringar utover i 2025 m.v sjå elles budsjett for 2025.



Dette er familien Barlindhaug i Ole-Johangarden i Solnørdalen om lag 1940. Dei to jentene framme er frå v. Jorunn Barlindhaug g. Nilsen (1930-2007) og naboenta Kari Solnørdal g. Os (f. 1932) Bak frå venstre Jenny Amalie (Malla) Barlindhaug (1901-1997), Mathias Oluf Barlindhaug (1896-1991), Ole Peder Barlindhaug (1925-1959), Aslaug Barlindhaug g. Ytrelid (1924-2011), Inga Barlindhaug (1928-2005) og ukjent. (Registrert av Ole Øystein Nybø for Ørskog Historielag.)



Våronna er i gang! Maskina som her vert brukt var det Halvar-Jack som disponerte, men denne dagen er det Ole Ringseth som er maskinførar her. Dei to karane som står og følgjer med er truleg "Eina -Sevrin" Severin Petersen Sjøholt (1910-2001) og Hans Os (1903-1984), men guten som står i lag med dei veit vi ikkje kven er og håper på hjelp med meir informasjon. (Frå Eldbjørg Ringseth Stensli si fotosamling. Registrert av Siv Krokfoss for ØH



Aslaug (f.Indreeide) og Alf Knutsen Kjøpte Øvstekleivane av Borghild Oksvik i 1964. Borghild arva eigedomen etter bror sin, Einar Oksvik, som døydde ung. Dei budde under Hammaren på Apalset og brukte Øvstekleivane som tilleggsjord. Einar Oksvik kjøpte garden av Hanna og Jørgen Abelset sine etterkommarar. Dei var foreldre til Olaus Abelseth som reiste til Amerika med Titanic og som overlevde forliset.

ØRSKOG HISTORIELAG – ÅLESUND KOMMUNE.

Lag og organisasjonar er avhengige av kommunen – like avhengig er kommunen den andre vegen. Samarbeid og positive handlingar og vedtak vil gjere at oppgåver – også innan kultursaker – vert best mogeleg løyste – til glede for innbyggjarane våre.

2024 er fjerde året etter at nye Ålesund kommune vart etablert frå 01.01.20. Sandøy – Haram – Skodje – Ørskog og Ålesund utgjer den nye kommunen med ca 70.000 innbyggjarar. Haram vart eiga kommune att i 2024 Ørskog historielag held fram om lag for gamle Ørskog kommune – utan namneskifte og utan endringar i vesentleg grad av oppgåver og arbeidet i laget. Vi er ofte avhengig av at ØH og kommunen har eit tett og positivt samarbeid. Det gjeld i mange saker og som bør vere av felles interesse. Dette samarbeidet kan seiast å vere i hovudsak godt etter dei fire første åra. Ved fleire høve har styret vore innom tilhøvet til kommunen – i heilt konkrete saker.

ØH har sett det viktig å få på plass ein kulturminneplan for gamle Ørskog kommune. Planen var nesten ferdig hausten 2019. På plass i 2020 – ligg hos kommunen. Her er vi enno ikkje i mål, dessverre.

Vi tek her med nokre døme på slike saker/område – med både ros og litt ris:

- Driftsplan for Postvegen er på plass. Fleire samarbeidsmøte.
- ØH sitt samarbeid med kulturetaten i nye Ålesund har vore godt. Vi har blitt møtt med

- velvilje og god forståing for våre ønskje og vårt arbeid.
- Vi er i mål med å få kommunale lokale lokale til Oksvik si minnesamling i Friv.sent. Opning 18. februar 2025 der rep. For kommunen tok del.
 - Litt økonomisk støtte har vi motteke Det er ikkje alltid at kronetalet er avgjerande

Vi ser framover – oppgåver for 2025 og åra deretter.

Styret har som målsetjing - snarast etter årsmøtet 4. mars 2025– å halde eit møte saman med nyvalde nemnder og utval for å setje opp endeleg arbeidsprogram/årsplan for året 2025. Pågåande oppgåver og drøftingar på årsmøtet vil leggje føringar for komande årsplan. Det vert også vist til budsjett/økonomi for 2025.

Vi tek her med viktige prosjekt – til drøfting på årsmøtet og vidare handsaming på sammøte mellom styret og nemndene. Vi vil ta steg vidare også i 2025. Saman skal vi få det til:


- ✓ Paktarhuset – fullføre renoveringa. Påkomande driftsoppgåver. Ny ytterdør? Sstell og vedlikehald inne og ute + samlingane
 - ✓ Smia – avhalde kurs i renovert smie. Samarbeid med Ørskog skule.
 - ✓ Skyssvogna – nødvendig stell – plassert på Ørskog Bilsenter – Haukås.
 - ✓ Postvegen -vidare arbeid over Ørskogfjellet. Rydding og vedlikehald for heile strekninga gjennom Ørskog. Skilting bør vi kome vidare med – jf. Fylkeskommunen.
 - ✓ Følgje opp vedteken driftsavtale for vedlikehald av Postvegen.
 - ✓ Ta i bruk nytt, stort lokale i tenestehuset. Jf raus gåve frå Ørskog Sparebank.
 - ✓ Olav Oksvik stiftinga – ØH er sentral i denne. Registreringsarbeid. Få på plass byste i 2025. Halde konferanse til hausten.
 - ✓ Kvernhuset – vedlikehald – eventuelle demonstrasjonar.
 - ✓ Kraftstasjonen – følgje opp avtalen med Ørskog Energi A/S. Litt vedlikehaldsarbeid – årleg rydding Forefallande arbeid. Stønad frå ØE.
 - ✓ Malmbana vedlikehald.
 - ✓ Lokomobilen. Vedlikehald.
 - ✓ Årbok nr 35 – for år 2025. Innhald og arbeid med boka.
 - ✓ Ørskogkalender - Kalender for 2026.
 - ✓ Gåver – jf. vedtekne retningslinjer for mottak av gåver m.m. - registrering/arkiv.
 - ✓ Avtale med Sjøholt Folkehøgskole vedk. lagerplass.
 - ✓ Fotoinnsamling/registrering – vidare arbeid. Innsamling av bilete held fram.
 - ✓ Bygdevandring/sætrevandring – behovet/interessa for slike er til stades. Sætrevandring i august 2025.
 - ✓ Ørskog kommunale kraftverk – historie bok? ØE + ØH
 - ✓ Allmennsoga?
 - ✓ Kveldseter med om lag seks sju arrangement pr. år Planar for 2025 er lagde.
-
- ✓ Kulturminnedagane 2025: Ingen arrangement er planlagde så langt.
 - ✓ Medlemsverving. Eit alltid vedvarande arbeid! Medlemspleie.
 - ✓ Andre typar arrangement som kjem til – vert vedtekne.



Ørskog Historielag 2024 – med fokus på - oppsummering:

- ✓ Ørskog historielag si årbok – årbok nr 34!
- ✓ Paktarhuset – eit «minimuseum» - arkivstad – vedlikehald. Mykje er ordna – godt stell. Gjennomført utvendig måling og renovering i løpet av 2024.
- ✓ Utval og nemnder gjer eit svært godt arbeid!
- ✓ Fotoregistreringa går godt! Godt over 3.900 bilete i Fylkesfotoarkivet.
- ✓ Ny nettside og facebookside er på plass!
- ✓ Postvegen – ei sentral oppgåve for laget. Haugsætra – Vestnes grense neste. Skilting vert arbeidd med i lag med Fylkeskommunen og kommunen. Motteke støtt frå Fylkeskommunen – noko er nytta – resten til disp. i 2024.
- ✓ Mange fine og godt besøkte kveldseter.
- ✓ Lokale til Oksvik-samlinga må no kome på plass. Bystekomite er godt i gang med arbeidet for å få på plass ei byste av Oksvik.
- ✓ Melding frå Ørskog sparebank: Gåve - 100m2 lokale i Ørskog næringsbygg. Takk
- ✓ Fleire smikurs – halde fram alt etter behov. Samarbeid med skulen.
- ✓ Wensellvogna til utstilling hos Ørskog Bilsenter Haukås. Fungerer ok.
- ✓ Auke i medlemstalet – vi er no knapt 370.

Frå styret rettar vi ei stor takk til alle som har arbeidd aktivt innan laget – eller har gjeve positiv støtte og respons til arbeidet i meldingsåret 2024. Leiar ØH takkar spesielt alle tillitsvalde for godt samarbeid. Takk til sponsorar med Ørskog Sparebank i spissen!



Kvar årsmelding siste åra har med eit gamalt ord som vi finn på laget si internettside:

”Å gløyme fortida si, er å leve som ein bekk utan kjelde, som eit tre utan rot.”

Styret i Ørskog historielag år 2024.

v/Ragnar Bakken – leiar -

